

Døslandspil med sterkt mønstringsløp.

07.12.2006

Travhestane til Halvard og Gudrun Døsland held fram med å imponera. Denne gongen er det 2-åringen Døslandpil som har gjort sine saker godt. I kveld, torsdag, deltok den i mønstringsløp på Bergen Travpark. På grunn av stor påmelding vart det køyrt 2 heat, og Døslandspil overbeviste med å vinna sitt heat. Tida var god og heldt til andre plass totalt.

Halvard fortel at mønstringsløpa er eit middel for å stimulera til at hestar skal verta godkjende for ordinære løp i ung alder. Dei må ha to godkjende mønstringsløp for å kunna delta i ordinære travløp.

Hesten til Halvard og Gudrun klarte godkjenningstida med klar margin onsdag. Den kom i mål på 1.55.8 medan kvalifiseringsgrensa var 2.05, så den hadde mykje å gå på. Bestetida var berre ein tidel betre.

Hesten vart premiært med 7000 kr.

Døslandspil skal gå nytt mønstringsløp på Bergen Travpark neste torsdag. Same dag skal den 3-årige søstera, Døslandspia, og gå løp.

Alt tyder på at eigarane har fått fram to sær s lovande travarar. Ekstra imponert vert vi når vi veit at Halvard tar seg av hovuddelen av treningsarbeidet sjølv. Han må ha gjort ein god jobb. Det vert spennande å følgja utviklinga til dei to lovande travarane framover!

Av Thor Inge Døsland